

IKORNES OG SYKKYLVEN KYRKJELYD

Sykkylven, 14.10.2025

Kjære, konfirmantar og føresette

Her er informasjon om konfirmantopplegget i haust. Undervisning, aktivitetar, temakveld m.m.

Undervisning

Undervisning i kyrkja er obligatorisk. I den nasjonale planen for konfirmatundervisning legg Kyrkjerådet opp til at kvar konfirmant skal ha tilbod om 60 timar undervisning. Vi ber om at undervisninga og aktivitetar vert prioritert desse få månadane «konfirmantåret» er. I desse 60 timane inngår deltaking på seks gudsteneste, undervisning i kyrkja, dei valde undervisningsgruppene, smågrupper i ulike heimar og fire valfrie aktivitetar.

Valfrie aktivitetar er t.d:

- ungdomsleiar på LysVaken
- lage dåpsposar
- lage allehelgenslys
- være med på KRIK
- vere med på ungdomsmøta Impuls ved Hundeidvik bedehus
- gå på 4 ekstra gudsteneste m.m.

Oversikt over aktivitetar finn de på nettsida, under fanen konfirmasjon og «Kyrkjelydsarbeid – bli med». Konfirmantane/føresette gir beskjed til Kathrin om kva konfirmantane vil vere med på. Lista med aktivitetar vert oppdatert fortløpande.

Oppmøte vert registrert. Foreldre/føresette gir beskjed om evt. fråvær i forkant av undervisninga/aktiviteten på SMS til Kathrin (mob. 93255873).

Konfirmantane/føresette vil få påminning om undervisning/aktivitetar dagen før på SMS, men det er lurt å fylje med i «Konfirmantkalenderen» på nettsida om påminning skulle det glippe 😊

Husk å fylle ut gudstenesteark når du er på gudsteneste 😊

Oversikt over gudstenester finn de på heimesidene til kyrkja, det vert òg annonsert i NYSS kvar veke. Tredje kvar gudsteneste er på Ikornnes.

Undervisning i kyrkja

Felles temakveld onsdag den 22. oktober kl. 18-19 i kyrkjekjellaren Sykkylven.

Vi startar med besøk av Anders Myrene frå NSP Aid som er organisasjonen vi samarbeidar med i det eine undervisningsopplegget. Saman med Helge Standal vil Anders fortelje oss om hjelpearbeid og misjonsarbeid i slummen i Nairobi som dei driv. Det vert òg live-sending og samtale med ungdommane i Kenya.

A og C - klassa:

- Torsdag 30. oktober, kl. 14.30-16.15, kyrkjekjellaren Sykkylven
- Tirsdag 11. november, kl. 14.30-16.15, kyrkjekjellaren Sykkylven

B og D - klassa:

- Tirsdag 28. oktober, kl. 14.30-16.15, kyrkjekjellaren Sykkylven
- Torsdag 13. november, kl. 14.30-16.15, kyrkjekjellaren Sykkylven

Oversikt over undervisningsdatoar ligg òg på nettsida til kyrkja under fana «Konfirmasjon».

Dei valde undervisningsopplegga

Deltaking her tel som undervisningstimar då andakter/tematikk som vert arbeida med er knytt til tema i undervisningsplanen for konfirmantar.


Både «Aktiv konfirmant» og «Bibelgruppe-Impuls» er regelmessige/gjentakande tilbod i regi av andre organisasjonar som vi samarbeida tett med der de sjølv vel kva dagar som passar. Legg derfor ikkje opp til påminning pr. SMS her.

Aktiv konfirmant

Deltaking på fire KRIK-samlingar. Generelt vil det være KRIK 1-2 gongar i månaden. KRIK er søndagar frå kl. 17-19, sjå heimesida til kyrkja for datoar, på KRIK Sykkylven si Facebook side og plakatar. De vel sjølv søndagar som passar. OBS! Oppmøtestad vil variere. Leiar Rasmus Elias Myklebust.

Kreativ konfirmant

Konfirmantane er godt i gang med sine prosjekt som dei starta med på leir. Neste samling vert laurdag 25. oktober, kyrkjekjellaren Sykkylven. Vi skal bl.a. male så ha på kle deretter. Ta gjerne med ting figurane kan verte pynta med. T.d. knappar, tekstilar,



IKORNES OG SYKKYLVEN KYRKJELYD

duskar, pompoms osv. Konfirmantane veit kva vi meiner 😊 Leiar Trine Ramnefjell

Innsats for andre – Kenya

Kathrin kallar inn til planleggingsmøte etter temakvelden den 22. oktober der konfirmantane får helse på både ungdommar frå Kenya og dei vi skal samarbeide med. Leia av Kathrin.

Bibelgruppe – Impuls

Deltaking på fire samlinger ved Impuls, Hundeidvik bedehus. Onsdag i partalsveker kl. 19.30-22.00. Impuls har ofte besøk av eksterne som t.d. Ungdom i oppdrag m.fl. De vel sjølv kva onsdagar de deltek. Oversikt over datoar finn de i kalenderen til kyrkja. Impuls vert leia av Ole Andreas Utgård og Iris Røv.

Undervisning i smågrupper

Vi arbeidar med å få på plass leiarar til undervisning i smågrupper for konfirmantane. Mange av ungdommane synest slike grupper har vore noko av det kjekkaste i heile konfirmanttida. Her vankar det mykje god mat og snacks, fellesskap og fine samtalar om den kristne trua og livet.

Samlingane vert heime hjå leiarane, fire kveldar pr. gruppe. Det vert ca. 4-6 konfirmantar pr. gruppe. Inndeling av grupper er gjort med utgangspunkt i kven ein delte rom med på leir. Samlingane vil vare mellom 1,5-2 timar. Leiarane og konfirmantane vert einige om tidspunkt som er høveleg, dvs. dei ulike gruppene vil møtes til ulike tider. Vi eller leiarane tek kontakt etter kvart som leiarane vert klare til å starte opp. Deltaking på samlingane er ein del av undervisninga og derfor obligatorisk.

Lysmesse i gudstenesta 7. desember

Vi vonar å få til lysmesse i gudstenesta den 7. desember. Dvs. at ca. ein tredjedel av konfirmantane er medliturgar under gudstenesta og hjelper til med ulike oppgåver. Dei som deltek her vil få ein ekstra undervisningsdag i veke 49. Dei andre vil ha tilsvarande opplegg knytt til undervisningsgudsteneste med tilhøyrande undervisningsdag på nyåret/tidleg vår. Så alle skal få prøve 😊

Ta kontakt om det er noko de lurar på? Kyrkjekontoret telefon 70 24 69 00, kontortid frå kl. 10-14, eller på e-post post@sykkylven.kyrkja.no

Venleg helsing *Kathrin og Jonas*